

Eksperter skal fanga gytefisk

28.10.2011



Forskarane frå UNIMiljø ved Universitetet i Bergen er engasjert til å fanga resten av dei gyteklaare storfiskane som står i Uskedalselva, opplyser leiar Johannes Feet i elveeiarlaget til uskedalen.no
Dei har vore venta til Uskedalen allereie i dag etterat dei var på reise i nærliggjande områder.

Storfoskane, som dei same ekspertar lokaliserte rundt 15 av i elva for stutt tid sidab, bør fjernast før dei gyter. Det vil vera svært uheldig om etterkommarane deira blandar seg med villfisen.

Derfor har det vore eit godt ekspertråd å fjerna gytarane og det vart gjort ein freistnad på å gjera det på tradisjonell vis. Dei som vart plukka ut til denne oppgåva tok opp 5 velvaksne fiskar i Gravehølen og rundt rekna 10 står att i 3 forskjellige høler.

Det er her forskarane skal gjera ein jobb. Over er forskarane Gunnar Lehmann og Tore Wiers med ein typisk oppdrettslaks for 4 år sidan.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen